

Ein bra stad å vere

På Straumøy gard tek me imot ungdom med særskilte behov og brukar aktivitetane på garden som ein reiskap for å få til utvikling og læring.



Foto Anne Kallevik Grutle

Av Anne Kallevik Grutle, pedagog på Straumøy Gard i Sveio kommune

Straumøy gard er ei godkjent Inn på tunet-verksemd og har sidan starten i 1996 teke imot elevar med særskilte behov frå hovudsakleg Sveio og Haugesund kommune. Gjennom alle åra etterpå har Anne Grutle som pedagog og bonden på garden, Leif Grutle, gjort seg erfaringar med elevar i arbeid, bygd opp system rundt elevane og Inn på tunet-verksemda og vore oppteken av kvaliteten i tilbodet. Etter kvart har tilbodet vore utvida til og å gjelde og andre grupper med særskilte behov.

Læring på mange plan

Inn på tunet handlar om å ta vare på dyr og menneske på alle nivå og i alle fasar av livet. Kvar inn på tunet-bonde og -gard legg til rette for ulike grupper ut frå sine menneskelege og fysiske ressursar og interesser, og ut frå lokalsamfunnet sine behov for alternative arenaer. Me som driv ei Inn på tunet verksemd gir slepp på både fritid og jamn inntekt, men får til gjengjeld vera med og gjere ein skilnad for menneske som slit i kvardagen. I smågruppe-

tiltaket har me per februar 2013 20 elevar frå ni ulike skular fordelt på fire dagar i veka. Hovudproduksjonen i jordbruksdrifta er kjøt frå sau og ammekyr. I tillegg er det både geiter, griser, høns, hestar, lamaer og gjetarhundar på garden. Det er og litt produksjon av grønsaker til eige bruk, litt fiske og skogbruk. På Straumøy gard legg me stor vekt på læring og utvikling ut frå vår ståstad som pedagog og bonde, og gjennom nokre døme under vil eg visa kvifor Inn på tunet kan vere ein viktig arena for mange.

Taus kunnskap

Den eine sonen vår, Håkon, var to år og stod på ein grasbakke. Han tok opp ein stein og ei grein, spytta på steinen og gnei steinen på greina. Etterpå slo han gras med greina. For han var steinen eit bryne og greina var ljåen. Han hadde vore med faren og sett han slå gras med ljå, og som toåring hadde han alle bevegelsane inne. For meg blei dette ei veldig sterk oppleving. Etter å ha jobba som lærar i mange år



LANG REKKE: Grisene kjem når det er mat å få. Foto: Anne Kallevik Grutle

for ungdommar

med fokus på lærebøker og teori, såg eg ein kunnskap som eg ikkje hadde reflektert særleg over, men som eg sjølvsagt hadde med meg, om enn noko ubevisst. I litteraturen er denne kunnskapen ofte nemnd som taus kunnskap der ein lærer gjennom å observere, delta og etter kvart overta arbeidet.

Som lærar har eg hatt mange elevar som har strevd med skulefag, og for å få til ei skulefagleg utvikling har eg vore med og post på med meir teori etter same malen som anna undervisning. Eg har med andre ord fokusert på det dei ikkje har kunne utan å endre metode, og eleven har fått endå ei stadfesting på kva dei ikkje kan, og attpåtil ofte forsterka ved at han eller ho har vore åleine med læraren. Opplevinga med Håkon førte til ei erkjening som endra meg som lærar og eg begynte å stille spørsmål, saman med mange andre lærarar, om metodane for læring som me brukte og som enno er i bruk, er løysinga for alle.

19 år gammal møtte eg ein bonde som eg seinare gifta meg med. Gardslivet var ein ny verd for meg, og gjennom våre ungar fekk eg innsikt i korleis ungane blei forma av gardsarbeidet. Eg såg korleis dei vaks inn i gardsdrifta. Etter kvart som dei var store nok til å delta i arbeidet, blei dette eit naturleg samtaleemne rundt middagsbordet. Dei vaks opp med eit familieliv der arbeidet var ein viktig del av kvardagen. Min påstand er at dei fekk oppfylt behova som Aaron Antonovsky meiner skal til for å ha eit godt liv og god helse; Oppleving av å forstå eller få oversikt over verda rundt seg, å kunne påverke sin eigen situasjon og sjå meininga med livet. Dei starta med å leike seg inn i arbeidet som toåringar til etter kvart å kunne ta ansvar for fjøsstellet som 13-14 åringar.

Edmund Edvardsen: I gamle dager foregikk opplæring i «naturlige» settinger, det vil si der samfunn var i gjære og noe var å gjøre. Opplæring og utøvelse var ett. Øvelsen inngikk i utøvelsen. (Frå artikkelen Den nye skolen av Edmund Edvardsen, professor i pedagogikk.)

Då garden på mange måtar er eit samfunn i miniatyr der det er lett å få oversikt, lett å påverke og forstå meininga med arbeidet, er dette ein god stad og vere for born, ungdommar og vaksne som slit med å finne seg sjølv og meininga med tilværet. Det er kort veg frå øvelse til utøvelse då det dei jobbar med på garden den eine dagen i veka kan bli ein erfaringsknagg til å henge skulekunnskapen på som dei jobbar med dei fire andre dagane. Utgangspunktet må vere at dei trivs med dyr og praktisk arbeid. Me vaksne er rollemodellar og lærer elevane å ta del i og utføre dei ulike arbeidsoppgåvene ved hjelp av den tause kunnskapsmodellen, og dei er på plass den dagen dei begynner å blande seg inn i drifta der dei kan ha meiningar om både føring av dyr og investeringar.

Eit døme på det er då me hadde problem med at elevane ikkje kunne ta kaninar ut av kaninbura for å klappe og luften dei når hundane var ute av hundegarden. Border colliar har eit veldig sterkt jaktinstinkt, noko som førte til at dei prøvde å ta kaninane der som elevane mista dei. Ein elev føreslo at me burde byggje eit så stort kaninhus at me kunne sitje inne i kaninhuset og ha dei på fanget der. Det førte til nytt kaninhus med to avdelingar, stort nok til at me kan vere der saman med kaninane. Hundane står no utafor og kikkar inn i luftegarden. Dette er eit av prosjekta som elevar har fått vere med på ut frå kva dei såg av behov. Andre gonger kan forslaga vere umoglege å gjennomføre på grunn av store kostnader og me må difor forkaste dei. I dette er det mykje læring då dei må forstå at det må vere ein balanse mellom tæring og næring.

Arbeid som reiskap for læring

Inn på tunet som omgrep er knytt til ei eller anna form for gardsdrift der ein brukar arbeidet og aktivitetane på garden som ein reiskap for å få til utvikling og læring. I det følgjande kjem det to av mange døme som viser lærings situasjonar hos to gutar som ligg på



SKOGSARBEID: Elevane får vere med på mykje forskjellig arbeid. Foto: Anne Kallevik Grutle

heilt ulike funksjonsnivå for å gi litt innsikt i kva det er mogleg å leggje til rette for når det gjeld læring.

For ein del år sidan fekk me ein elev som ikkje hadde språk. Om vinteren jobbar me mykje i skogen, og medan me jobba saman med denne eleven blei det mykje til at me førte vår eiga samtale der guten blei inkludert gjennom sitt kroppspråk. Me heldt på å rydde eit beite for einer, og idet eineren blei sagd av, sa eg «der kom han» som så mange gonger før. Som eit ekko høyrde eg guten seie det same. Han hadde for første gong sagt ein heil setning til meg. Etter kvart oppdaga me at det praktiske arbeidet var kjelda til språk for han, og det blei ein metode for å utvikle språket hans. I dag er han vaksen, jobbar som dreng og bur her på garden. Han kan til dels gjere seg forstått, og enno kjem det stadig nye ord og setningar når me jobbar saman.

Ei anna historie er «Arne» som er ein flink og

oppegående gut, men som gjennom heile si skuletid har slitt med og sitje i ro og få med seg det som blir forventa av skulefag. Han er ein gut som likar praktisk arbeid. Han har vore elev på Straumøy gard ein dag i veka i nokre år. Ein dag gjekk eg og han gjennom kompetansemåla i Kunnskapsløftet (læreplanen for grunnskule og vidaregåande opplæring) for og sjå om me kunne oppnå nokre av kompetansemåla gjennom arbeidet på garden, noko han var motivert til. Me tok for oss fag for fag, men eit fag ville han ikkje knyte til gardsarbeidet, matematikk. Etter kvart fann eg ut at det var det faget han sleit mest med. Me starta med å finne måtar å knyte faga opp mot det praktiske arbeidet, og etter kvart såg han at det kunne gjerast mykje nettopp med matematikkfaget. Det enda med at det var dette faget me jobba mest med. Me heldt mellom anna på med og byggje ein lavvo i tre der me hadde behov for og rekne ut materialmengd og pris. Dette førte til mykje øving med dei ulike rekningsartane, noko som er ganske grunnleggande for vidare arbeid i matematikk. Dei skriftlege arbeidsøktene i faget varte i 20-30 minuttar ein gong i veka, elles var det praktisk arbeid. I løpet av eit semester forbeta han karakteren i matematikk. Ein kommentar på veg ut etter ei teoriøkt var: «Eg trur jammen meg eg har bruk for matematikk, eg».

Det var som pedagog eg starta opp med Inn på tunet. Som lærar opplevde eg mange gonger at eg hadde elevar som eg såg hadde behov for noko anna enn det skulearenaen kunne gi dei for å få til læring og utvikling. Det er elevar som slit med skulefag og treng erfaringsknaggar for å forstå og kunna plasere teoretisk kunnskap, elevar som ikkje ser meininga med skulefaga og som ikkje finn seg til rette i skulemiljøet. Eg har og sett elevar som treng stimuli og opplevingar på grunn av fattig oppvekstmiljø, og elevar som treng ein arena der dei kan føle seg verdsett som den dei er med sine styrker og svakheiter. Mange av desse elevane treng tydelege rammer og har ofte behov for rutineprega arbeid for å føle seg trygge og finne ro. Dette er særleg viktig når dei begynner her, og me må vere tydelege på at me som driv garden er her for dei. Etter kvart som dei er på plass, kan rammene og strukturen løysast meir opp og dei kan vera med og påverka arbeidsoppgåvene.

Inn på tunet

Me starta med det som i dag blir kalla Inn på tunet i 1996-97. Våren 1997 fekk me vera med prosjektet Levande skule som Norges Landbrukshøgskule, i dag UMB, stod ansvarleg for. Dette prosjektet hadde åtte



pilotskular rundt i Norge der dei fekk hjelp til opparbeiding av uteareal og skulehage, og der målet og var å knyte skulen til ein eksempelgard. Me fekk vera med i dette prosjektet sjølv om me ikkje kunne knytast opp mot ein pilotskule. Klassen min blei forsøkskaninar der me prøvde ut korleis ein kan knyte praktisk arbeid og teori saman til ein heilskap og der det skulle vera ein raud tråd mellom gard og skule, matprodusent og konsument.

Frå starten med Levande skule har me utvikla ein Inn på tunet-gard der me per i dag driv tilbod til elevar i smågruppetiltak, verna arbeidstiltak, tek i mot klassar, tilbod til barnevern og avlating. Hausten 2011 starta me eit butiltak for ungdom med psykisk utviklingshemming og som gjeld heile livsløpet i samarbeid med Sveio kommune.

Inn på tunet starta opp i si noverande form i Vestfold under omgrepet Grøn omsorg på slutten av 1980-talet. Prosjektet Bønder i bynære strøk i regi av Norges Vel på 1980-talet var starten på eit samarbeid mellom skule og gard. På 1990 talet kom prosjektet Levande skule i regi av UMB og Det norske hageselskap. Dette er no samla under Inn på tunet-omgrepet.

Definisjon av Inn på tunet:

Inn på tunet (IPT) er tilrettelagte og kvalitets-sikrede velferdstjenester på gårdsbruk. Tjenestene skal gi mestring, utvikling og trivsel. Gårdsbruk er ein eiendom som benyttes til jord-, skog- eller hagebruk. Aktiviteten i tjenestetilbudet er knyttet opp til gården, livet og arbeidet der.

Inn på tunet er ein arena for oppvekst, helse og omsorg på alle plan der garden er reiskapen ein brukar for å få til ei utvikling, ei læring eller for å gi omsorg til dei som treng det. Inn på tunet kan brukast til alt frå læring på høgt nivå til berre ein god stad og vere. Det krev at ein ser kvar einskild som kjem inn på tunet og legg til rette for at brukaren av tiltaket får stetta sine behov.

For å kunna kalle seg ein Inn på tunet-gard og for å kunne bruke Inn på tunet-logoen må ein oppfylle visse kvalitetskrav. Dette omfattar mellom anna krav til helse, miljø og tryggleik og er å finne på Matmerk sine sider matmerk.no. I tillegg vil kjøpar av tenestene som ofte er kommune, fylkeskommune og NAV, ha sine krav til garden og bonden. Desse krava er ofte knytt til brukaren sine rettar og behov for vern og blir nedfelt i avtalar mellom kjøpar og bonde.

Bonden som ressurs

Gjennom arbeidet med Inn på tunet, og då særleg

i arbeidet med elevar med særskilte behov, har eg opplevd at mange har fått styrka sjølvkjensla si og kome inn i ei positiv utvikling. Eg har stor tru på at me klarer å oppnå mykje av det som Aaron Antonovsky peikar på som viktig for god helse og eit godt liv. På ein liten vestlandsgard som Straumøy gard er det lett å få oversikt, både når det gjeld garden som arena og dei ulike oppgåvene. Elevane lærer fort å kjenne dei ulike husdyrromma, namn på ulike bakkar og hagar, skogen, fjorden og øya vår. Det er lett å påverke livet på garden gjennom til dømes å gi dyra mat. Dyra lagar mykje lyd og er urolege når

Utgangspunktet må vere at dei trivs med dyr og praktisk arbeid.

me kjem om morgonen, men når alle gjer sin del av jobben tek det ikkje lange tida før dyra fell til ro, ei ro som smittar over på oss menneske. Eit anna døme kan vera når me må få inn avlinga før regnet kjem eller når me gjennom godt samarbeid klarer å felle eit tre. Som tidlegare nemnt er elevane på plass den dagen dei blandar seg opp i drifta på garden. Då har dei klart og gjennomskode kva dei er ein del av. Dei har oppdaga nokre samanhengar og ser løysingar som til dømes då dei såg behovet for eit nytt og større kaninhus.

Me har og hatt mange opplevingar som fortel oss at me som driv og eig ein Inn på tunet-gard kan vere ein viktig faktor for eleven si utvikling og læring. For mange elevar representerer bonden noko veldig stabilt og jordnært, ein som alltid er der og som ikkje så fort blir bytta ut. Bonden er sjeldan sjuk og er sjeldan på kurs og møte. Dyra skal ha mat sju dagar i veka to gonger om dagen. Elevane får ei oppleving av at bonden sviktar ikkje, verken dyr eller menneske. Dei får og ei veldig konkret oppleving av bonden som eigar og forvaltar av natur, dyr, bygningar og maskinar, og er det noko som sviktar, er det bonden sjølv som må ordne opp i det. Me har fått mange tilbakemeldingar frå tidlegare elevar om at me i ein periode av livet deira har vore viktige for dei, og det er ofte med stoltheit dei kan fortelje oss og andre kva arbeid dei har vore med på. Kanskje me har gitt nokre menneske viktige augneblink og gode opplevingar som dei tek med seg inn i sitt vaksne liv? Eg både håpar og trur det. ■